

Austrheim kommune

5943 Austrheim

Kommentarar til reguleringsplan for bustadområde B07 og skuleområde ved Austrheim vidaregåande skule

Forslag til endringar:

Kart og føresegner

- Sikring av fjellskråning ved BFS2.
Det vert avsett areal i planen og innarbeidd i planføresegnene at det skal sikrast ein avstand på minimum 3,0 m mellom ovanforliggende veg og ny bustadtomt der det skal monterast sikringsgjerde mellom veg og utsprengt fjellskråning (Illustrasjon Tomt 865,5 m2)



- Maksimal mønehøgd område BFS2 skal vere kote +24,0 m.o.h.
Dette for å redusere ulempene med dårlegare utsiktstilhøve for bakanforliggende bustader.

Forslag til ny tekst i føresegner for detaljreguleringsplanen:

3.1.4 Tillegg for område BFS2

Bustader kan byggjast med maksimal mønehøgd på kote +24,0 m.o.h.
Bustadane kan underbyggjast med kjellar der kjellar kan tilpassast terrengtilhøva.
I einebustadane kan det innreist ei bueining nr. 2 med bruksareal inntil 75 m2.

Før endeleg plassering innanfor BSF2 må det føreliggje VA-plan som dokumenterer plassering av eksisterande leidningar eller omlegging av desse. I tillegg må det føreliggje detaljplan for sikring av utsprenging av skråning som gjev plass til vegskulder på minimum 3 m der det skal monterast sikringsgjerde mellom veg og topp utsprengt fjellskråning.

Med helsing

Kjell Dahle